

Kontrollutvalet i
Suldal kommune

KONTROLLUTVALET SI
ÅRSMELDING
FOR 2011

1. INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. Det vart i 2011 bestemt at kontrollutvalet skulle auke antallet medlem til fem ifrå valperioden 2011-2015.

For perioden 2007-2011 har Suldal kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Einar Schibevaag - leiar
Kjersti Johnsen - nestleiar
Kjell Magnar Amdal

Vararepresentant:

Anbjørn Vaage

Kjell Magnar Amdal er medlem av kommunestyret.

For perioden 2011-2015 har Suldal kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Sverre Underbakke - leiar
Berit Myrland – nestleiar
Solveig Sukka
Vanja Ignjatic
Tormod Skeie

Vararepresentanter:

Ole-Johan Østebø
Hans Sæter
Sonja Fosse

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2011

Kontrollutvalet har i 2011 hatt 8 møte fordelt på fem møte første halvår og tre møte andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement.

Utvalet har handsama 40 saker.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom å sjå til at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved gjennomgang av tertialrapportar og orientering frå rådmannen.

4.2 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk.

I møte 14.06.11 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2010 og gav i møtet sin uttale til årsrekneskapen.

I kontrollutvalet sin uttale blei det peika på følgjande:

- Kontrollutvalet meiner at det er uheldig at rekneskapen er avlagt den 24.05.2011, noko som er for seint. Gjeldande frist for rekneskapsavslutninga er 15 februar. Kontrollutvalet føreset at rekneskapen vert avlagt i samsvar med kommunelova sine rekneskapsfristar.
- Kontrollutvalet viser til revisor sine merknader til rekneskapen i årsoppgjersbrevet og føreset at rekneskapsførselen for framtida er tilfredsstillande à jour.
- Kontrollutvalet føreset at rekneskapsrutinane vert betra i samsvar med revisor sine tilrådingar.
- Kontrollutvalet føreset at skattetrekk vert overført til eigen konto i samsvar med gjeldande regelverk.
- Kontrollutvalet har merka seg at det ikkje er samsvar mellom tala i rekneskapsdokumentet og årsmeldinga sine tal.
- Kontrollutvalet vil gje ros for form og innhald som årsmeldinga til kommunen har fått, den er pedagogisk utforma og lett å sette seg inn i.
- Vidare utfordring er å bli tydlegare i årsmeldinga på kva utfordring kommunen står framfor.
- Under tilvisning til utvalets eigen gjennomgang av rekneskapsdokumenta og revisjonsmeldinga for 2010, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2010 totalt sett gir eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2010 og for kommunen si økonomiske stode pr.31.12.2010

Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til rekneskapen til Suldal Elverk KF.

Skatterekneskapen for 2010 vart lagt fram til orientering i møte 17.03.11

4.3 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Etter tilråding frå kontrollutvalet har kommunestyret godkjent plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2008-2011.

Utvalet har dette året handsama forvaltningsrevisjonsrapport tilknytta næringsfondet i kommunen. Rapporten vart oversendt kommunestyret og vil bli handsama i 1.kvartal 2012.

4.43 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg også kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Kontrollutvalet har lagt fram sitt framlegg til plan fir kommunestyret, som godkjende planen i samsvar med kontrollutvalet si innstilling.

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført selskapskontroll i 2011.

4.5 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Suldal kommune er med i ei interkommunal revisjonsordning (interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27) saman med kommunane Bokn, Etne, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Suldal kommune har inngått avtale med Haugaland kommunerevisjon om revisjonstenester som gjeld fram til 31.12.2011.

Suldal kommunestyre vedtok i sitt møte den 23.03.11 sak 11/10 å seie opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon med verknad frå 30.06.2012. Anbud på revisjonstenestene vart lyst ut i DOFFIN den 29.09.11. I møte 15.12.11 innstilte kontrollutvalet på val av Rogaland Revisjon som revisor for Suldal kommune i perioden 2011-2015. Saken kjem opp i kommunestyret i 1.kvartal 2012.

Revisjonssjefen for Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har i 2011 vore oppdragsansvarleg revisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter, og revisor har deltatt på to av kontrollutvalet sine tre møte. Kontrollutvalet har behandla uavhengighetserklæring frå revisor samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama hausten 2011 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2012. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariats-tenester og kontrollutvalet sine egne utgifter var på kr 816.000

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2011 ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgs-sekretariat IKS.

5. OPPSUMMERING

2011 har vore eit år med normal aktivitet .

Sand, 09.februar 2012

Berit Myrland
(Sign)

Sverre Underbakke
leiar
(Sign)

Solveig Sukka
(Sign)

Vanja Ignjatic
(Sign)

Tormod Skeie
(Sign)